

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| | |
|-------------------------|------------------------|
| Dato | 26.05.2023 |
| Vår referanse | 2023/62155-2 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Sigrun Wølstad |
| E-post | Sigrun.Wolstad@vlfk.no |
| Telefon | 96944535 |

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 325 bnr. 11 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 15.05.2023 med søknad om bygging av landbruksveg/skogsbilveg. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vegen gjeld 305 m, vegklasse 7.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne av høg verdi. Potensial for funn vert vurdert som lågt. Vi ber likevel om at ein under opparbeiding av tiltaket tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd. Vi ber om at kommunen tek dette inn i sitt løyve slik at det vert gjort kjent for grunneigar/tiltakshavar.

Vestland fylkeskommune har elles ingen andre avgjerande merknader i saka.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift